

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Styremøte: 22. februar 2002
Styresak nr: 019/02 D
Dato skrevet: 14.02.02 Saksbehandlar: Herlof Nilssen
Vedkommande: Strategiprosess Helse Vest RHF

Bakgrunn

Det må utarbeidast ein samla strategisk plandokument for Helse Vest RHF. Styre i Helse Vest har planlagt eit strategiseminar i samband med styremøte i juni.

Kommentar

Det strategiske plandokumentet må fastsetja visjon, mål, strategiar og tiltak, og slik sett visa kursen i det vidare arbeidet.

Utfordringa for Helse Vest blir å etablera ein planprosess som blir så enkel og oversiktleg som mogeleg, samstundes som ein klarar å fanga opp dei essensielle utfordringane og at dei tilsette og styra i føretaksgruppa får eigarskap til plandokumentet. Det er såleis viktig at planprosessen og involverar styra og administrasjonen på HF nivå. Balansen frå Helse Vest si side er at dette plandokumentet må klargjera dei overordna grepa, utan at ein grip inn i detaljstyringa av det enkelte helseforetak.

Det sentrale for HF nivå i 2002 vil vera å ta eit godt grep dei økonomiske forholda (oppfølging, styring og rapportering), samt å henta maksimal effekt av fusjonen/ internorganiseringa. Dette går spesielt på det administrative støtteapparatet, men og for å gjera nødvendige grep på det medisinskfaglege området basert på at det er mange institusjonar som no er lagt til same selskap.

I 2002 må dei sentrale elementa i Styringsdokumentet følgjas opp. Dette gjeld både på det administrative og helsefaglege området.

Som eit utgangspunkt er det lista opp ein del område som ein bør vurderer nærare. Lista er ikkje uttømmende, berre meint som eit innspel i vurderingane.

Følgjande område innanfor det administrative støtteapparatet bør truleg vurderast i det einskilde HF:

- Økonomi
- It
- Eigendomsforvaltning

I føretaksgruppa:

- Organisering av større utbyggingar og vedlikehald (vurdere om ein skal skipe eige selskap i Helse Vest)
- Innkjøp

På det helsefaglege feltet innan det einskilde føretak:

- Intern funksjonsdeling (både for planlagd verksemd og øyeblikkeleg hjelp)
- Følgje opp styringsdokumentet

I føretaksgruppa:

- Vurdere etterspurnad og kapasitet
- Kritisk vurdere alle forslag om nye tilbod
- Vurdere funksjonsdelinga mellom HF-a.
- Følgje opp styringsdokumentet

I tillegg må me få på plass eksterne krefter som kan vera prosessdrivarar. Det ville truleg vera ein fordel om det var same selskapet som var inne i alle HF og i RHF, men ikkje absolutt nødvendig. Dette kan ha med pris, kvalitet og samordning av prosessane å gjera.

I utgangspunkt arbeider administrasjonen ut frå følgjande framdrift:

	Oppgåver	Frist	Styrebehandling
1.	Avklaring organisering av planarbeidet	15.03.02	22.03.02
2.	Avklaring prosess med detaljert framdrift	15.03.02	22.03.02
3.	Val av konsulentfirma	-	-
4.	Strategisk plan	30.11.02	13.12.02
5.	Gj.gang administrative støttefunksjonar	07.06.02	18.06.02
6.	Gj.gang med.fagl. funksjonsfordeling HF	30.11.02	13.12.02

Det er mogleg at framdrifta det i utgangspunkt er lagt opp til er ambisiøs. Det er i denne samanheng svært viktig å understreka at det er det første året ein har høve til å gjera dei raskaste endringane. Derfor er det viktig å halda trykk på arbeidet.

Styret i Helse Vest må ta stilling til kva rolle styret ønskjer i planarbeidet. Vidare er det ønskeleg at administrasjonen får signal om opplegg for strategiseminaret i juni.

Forslag til vedtak

Administrasjonen blir bedt om å arbeida vidare med saka, med sikte på å leggja fram ny sak til styret i mars der det blir tatt stilling til organisering, gjennomføring av prosessen og framdrifta av planarbeidet.